



Salhus 23. januar 2011

Pressemelding

Inviterer til temakveld om vikingnavigasjon

I januar og februar set Vestnorsk utvandringssenter fokus på stjernehimmelen og korleis tidlege emigrantar navigerte til sjøs.

- Vi startar onsdag denne veka med ei kulturhistorisk vinkling på stjernehimmelen, seier Ida Dyrkorn Heierland ved Vestnorsk utvandringssenter. - Då kjem Lena Lisdotter Börjesson (Fosen Folkehøgskule) til samfunnshuset Skogen på Sletta for å snakke om korleis vikingane navigerte over Nordatlanteren ved bruk av til dømes stjernehimmelen.

Börjesson har gjort fleire eksperiment med korleis vikingane kan tenkjast å ha navigert til sjøs. I kor stor grad var sola og stjernehimmelen viktige for dei? Kunne dei finne vegen på andre måtar? Börjesson kjem også inn på korleis arabarane og polynesarane navigerte etter stjernene.

- Dette er starten på ein månad fylt med undervisning og opplevingar ved Vestnorsk utvandringssenter knytte til den fantastiske stjernehimmelen du kan sjå no i januar og februar, fortel Ida Dyrkorn Heierland. Utvandringssenteret har leigd inn eit planetarium frå "Vil vite" som vil vere ope etter avtale for elevar på 4. - 7. steg i Nordhordland. – Frå dei gamle grekarane si tid og heilt sikkert mykje lenger attende, har folk laga forteljingar om stjernebilete dei har funne på himmelen. Vi ønskjer å få fram mangfaldet i desse historiene og legg opp til eit komparativt perspektiv på Noreg og Nord-Amerika i eit eige undervisningsopplegg "Stjerneklårt på prærien", seier Dyrkorn Heierland. Øvinga byrjar i det innleigde planetariet frå "Vil vite", og dersom det er interesse for det og vi får godt vêr, kan vi gjennomføre stjernetittingskveldar i emigrantlandsbyen på Sletta, fortel ho.

- Vi avsluttar opplegget med ein spektakulær temakveld med astronomen Knut Jørgen Røed Ødegaard. Han kjem til Sæbø skule med føredraget: *Bang! Kollisjonar og eksplosjonar i verdsrommet!* Ødegaard fortel om dei mest spektakulære, valdsame, dramatiske, vakre og viktige fenomen i verdsrommet,

mellom anna superslurpande svarte hol, valdsame smell på Sola og dei vakre tåkene som blir danna når Sola dør. Ødegaard har med meteorittprøver som publikum kan sjå og ta på. - Billettsalet til denne kvelden er allereie i gong hjå Kultur- og sørvistorget i Radøy kommune, så folk bør vere tidleg ute med å sikre seg billett, seier Ida Dyrkorn Heierland.

Planetariet vil vere ope for alle to timar før føredragsstart på begge temakveldane. Elles etter avtale.

Meir informasjon:

Ida Dyrkorn Heierland, avd. leiar VUS

Tlf. 55 25 18 09 / 48 10 86 09

E-post: ida@muho.no

www.muho.no